

Sunnhordland Ferjerederi AS u/s  
v/Prosjektutvikling Dagfinn M. Fylkesnes  
**Ny adresse: Olvikvegen 80**  
5416 Stord

Stord 24.04 2018

HORDALAND FYLKESKOMMUNE  
Samferdselsavdelinga - SAMF AVD  
Agnes Mowinckels gate 5  
5020 Bergen

Att: Seksjonsleiar Rolf Rosenlund

### **Klage på vedtak; Søknad om ruteløyve for ferjedrift.**

Vi viser til Dykkar skriv datert 15.03.2018 , som eg etter purring mottok 11.04 2018 med melding om fylkesutvalet si handsaming av saka i møte den 1. februar 2018 og der følgjande vedtak vart fatta:

*Fylkesutvalet finn ikkje å kunna tildela ruteløyve for ferjedrift mellom Sunde og Jektevik til Sunnhordland Ferjerederi AS u.s, i det ein syner til at ferjekaiane/oppstillingsplassane på Sunde og Jektevik vert nytta til fylkeskommunale kollektivføremål.*

Vi forstår at vår søknad om ruteløyve om privat ferjedrift ble sendt for høyringsuttale til Samferdselsdepartementet i brev av 05.04.2017 frå Samferdselsavdelinga i Hordaland fylkeskommune. I svaret frå Samferdselsdepartementet er stadfesta at:

*I tråd med EØS reglar gjeld rett til å yte sjøtransporttenester både i Noreg og mellom Noreg og andre EØS-statar og tredje statar. Slik denne retten er utforma, skal det etter departementet si vurdering sær mykje til for å kunne gi eit selskap som søker om løyve til rutetransport av passasjerar avslag, dersom selskapet oppfyller vilkåra gitt i yrkestransportlova § 4 andre ledd bokstav b) og c) - dvs. krava til god vandel og økonomisk evne. Vurderingar i handsaminga av ein løyvesøknad som innskrenkar rettane etter lova om sjøtransporttenester ut over dei krava som er sette i yrkestransportlova § 4 andre ledd bokstav b) og c) og § 6 andre ledd, vil etter departementet si vurdering kunne føre til at Noreg kan bli stevna for brot på EØS-avtala.*

*Vidare; Så lenge ferjesambandet ikkje blir lyst ut ved konkurranse etter yrkestransportlova § 8 og skal driftast utan tilskot frå offentlege myndigheiter, er det etter departementets vurdering ikkje relevant å leggje vekt på omsyna i tilknytning til etableringa av Halsnøysambandet og omlegginga av ferjesambanda i området.*

Av ovanfor uttale er det etter det søkjar forstår ikkje noko som er til hinder for å gi privat ruteløyve som søkt.

**Vår klage rettar seg mot det som er grunngjevinga for at ein likevel har avslått søknaden: «i det fylkeskommunen syner til at ferjekaiane/ oppstillingsplassane på Sunde og Jektevik vert nytta til fylkeskommunale kollektivføremål.»**

Søkjær vil her visa til at ferjekai med oppstillingsplass også er regulert i Vegtrafikklova. Også ferjekai som skal vera tilgjengeleg som beredskapskai, skal vera open for allmenn ferdsel. Bruksløyve/stenging vil derfor måtte vera heimla i Vegtrafikklova.

Uttalen frå Samferdsledepartementet på dette temaet er som følger; *Etter opplysingane som er lagt fram for departementet, reiser også saka som er til handsaming i fylkeskommunen, spørsmål knytt til bruken av ferjekai. Etter veglova er offentlege ferjekaier ein del av det offentlege vegnettet, sjå lova § 1. Veglova omhandlar og gir reglar om planlegging, bygging vedlikehald og drift av offentlege og private vegar, som etter formålet med lova skal vere å tryggje at trafikken på vegane kan gå på eit vis som trafikantane og samfunnet til ei kvar tid kan vere tente med, jf. lova § 1a. Det er ei overordna målsetting for vegstyresmaktene etter veglova § 1a å skape størst mogleg trygg og god avvikling av trafikken og ta omsyn til grannane, eit godt miljø og andre samfunnsinteresser elles. Etter veglovgivinga gjeld det som utgangspunkt eit prinsipp om at dei offentlege vegane skal vere opne for allmenn ferdsel – vegar som ikkje er opne for allmenn ferdsel, skal bli omklassifisert eller lagt ned etter føresegnene i lovas kapittel 1. Myndigheitene kan såleis ikkje nekte private og næringsdrivande ferdsel på dei offentlege vegane med mindre det ligg føre eit særskilt grunnlag.*

Vidare; den nærare tilgangen til hamner (derunder ferjekaier) med fartøy er regulert av hamne- og farvannslova. Lovas formål er i følgje § 1 å leggje til rette for god framkomst, trygg ferdsel og forsvarleg bruk og forvaltning av farvatnet i samsvar med allmenne omsyn og omsynet til fiskeria og andre næringar..... Som utgangspunkt for tilgangen til hamna seier hamne- og farvannslova § 39 at eigarar og operatørar av hamner og hamneterminalar har plikt til å ta i mot fartøy i det omfang plasstillhøva tillét det og fartøyet ikkje er til urimeleg fortrengsel for eigarens behov for eigen bruk av hamna eller andre som er sikra rett til å bruke hamna. (Søkjær understreking)

Som utgangspunkt for plass og tilgang til hamna, både på sjø og land, må etter søkjær syn leggjast til grunn ei konkret og dokumentert grunngjeving av trafikk og arealforholda. Det meiner vi ikkje er til stades i dette avslaget av søknaden.

Ferjekaien på Sunde er beredskapskai for ferja Ranavik – Skjersholmane om planlagd eller uføresett hending krev arbeid og stenging av Halsnøytunnelen. Del av tilliggjande kaidområde vert nytta til hurtigbåtanløp og har fungert samstundes med ferjeanløp tidlegare då ferja gjekk fast til Sunde.

Dette vil framleis gjelda. Arealmessig er det utarbeidd reguleringsplan og plan for utviding av parkeringsarealet. Dette arbeidet er allereie i gang etter det søkjær er kjent med og det skal vera avsett budsjettmidlar ca kr. 4 mill. til parkeringsføremålet i inneverande år. Reguleringsplan som er vedlagt viser utvidingsplanane og dokumenterer at her er plass for både pendlarparkering og ferjeoppstilling samstundes.

Søkjær har undersøkt ved besøk og samtalar med styrmenn og kaptein i ferjesambandet Jektevik – Hodnanes - Nordhuglo og fått bekrefte at ferjeanløpa i ruteforslaget til det nye sambandet er tilpassa dagens rutetabell og ikkje er til hinder for eksisterande samband.

Dagens hovudferje «MF Folgefonn» har berre ca. fire minutt liggetid ved kaien inkludert lading, og anløper i snitt kvar 30. minutt. Skulle det oppstå situasjonar der ei av ferjene er forsinka, vil alltid vår private ferje vika. Jektevik-Hodnanes-Huglo ferja har første prioritet.

På oppstillingsplassen er det plass til ei deling av oppstillingsfilene. Når E39 med ny hengebru over Langenuen mellom Jektevik og Hodnanes-området er realitet vil oppstillingsplassen ikkje ha eit framtidig behov for ny utviding og kapasitetsauke.

Med dette hevdar me som søker at avslaget er gitt på eit svært svakt grunnlag. Vi hevdar at ferjekaiane har tilstrekkeleg areal til å handtera auken ved nytt samband, og at sambandet ikkje vil vera til nokon urimeleg fortrensel av eigars behov for eigen bruk av hamna. Det er såleis ikkje grunnlag for å nekta trafikkøyve og bruk av kaianlegga på Sunde og Jektevik.

Med vennlig helsing

Sunnhordland Ferjerederi AS u/s  
Dagfinn Magnus Fylkesnes  
Sign.